

KRUNE OG ROT

Åse Lilleskare Faugstad

Dette huset står på tuftene til det gamle huset,
som vart rive i 1932.

Det skulle vera det første huset i Sørfjorden i
Indre Nord-Hordaland som var kvitmåla.

Det vart bygd i 1856 rundt skorsteinen av det
ennå eldre huset.

Skorsteinen var tre meter på kvar kant.

Huset var vel 13 meter langt og 8 meter breidt.

Hus over hus,
bygde kring gamle skorsteiner og gruer.
Hus under hus.

Lag på lag av minne.
Lag under lag av medvit.

Her samla dei seg ikring åren
i dei første årestovene.
Her tala dei stilt saman i skyminga,
menneske som ennå kjende samtalens fine rytme.

Her song dei nedærvde vogge- og skjømteviser
og dansa springar og gangar til hardingfele-låt,
heilt til pietismen kom og låste fela ned.

Her fortalde og lo dei ved arbeidet med rokkane,
vevstolane og rivene om kvelden
i det sparsame, flakkande lampelyset.

Når vi står her og kjenner røtene våre
grava seg nedover og utetter i den skrinne jorda,
er vi kruna til det store treet
som breier seg oppetter og utover
mot lyset av dei nye tankane.

Frå diktsamlinga I dette huset, Gyldendal 1977.